



Kvinnherad kommune

Att:

Rosendalsvegen 10

5470 Rosendal

Fiskeridirektoratets uttale til endring etter forenkla prosess - Detaljreguleringsplan for gnr163 bnr1 bnr4 bnr14 og bnr15 - Akvakulturanlegg Øyarhamn - PlanID 201200010

Vi viser til brev datert 06.03.2025 frå Kvinnherad kommune.

Fiskeridirektoratet si rolle i planarbeid

Fiskeridirektoratet har som oppgåve å fremje lønsam og verdiskapande næringsaktivitet gjennom berekraftig og brukarretta forvaltning av marine ressursar og marint miljø. Vi skal medverke i planlegging etter plan- og bygningslova i kyst- og sjøområde når fiskeri- og akvakulturinteresser, inkludert marint miljø og biologisk mangfald som er viktig for næringane, vert berørt.

Føremål med planarbeidet og planstatus

Omega 365 areal har på vegne av MOWI ASA utarbeida forslag til endring av gjeldande detaljreguleringsplan for gnr. 163, bnr. 1, 4 14 og 15 Akvakulturanlegg i Øyarhamn. Endringsforslaget er utarbeida etter forenkla prosess der det ikkje er krav til varsel om oppstart av planarbeid jf. pbl § 12-14. Føremålet med endringa er å leggje til rette for utviding av kaianlegg for å sikre tilstrekkeleg djupne for brønnbåtar, og avsetje naudsynt fyllingsfot i sjø og opne for sjøvass-pumpestasjonar. I tillegg er eksisterande småbåtanlegg utvida, slik at det kan etablerast båt plass for tilsette som bruker båt som transportmiddel til akvakulturanlegget. Det er også lagt inn byggegrense mot sjø for utbyggingsføremåla.

I gjeldande kommuneplan for Kvinnherad 2016-2026 er området vist med at gjeldande reguleringsplanar framleis skal gjelde, føremål er gjengjeve som i reguleringsplanen. I føresegnene til kommuneplanen pkt. 2.2.2 inngår planen for Øyarhamn, og i planføresegna er det sagt at dei opplista planane skal gjelda uendra. Uregulert arealføremålmål i sjø er avsett til Fiske og Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner

Vurdering av planforslag

I sjøområdet utanfor settefiskanlegget til Mowi har Fiskeridirektoratet gjennom kartlegging av Kystnære fiskeridata registrert ein låssettingsplass 'Vågen'. Dataene er samla inn gjennom intervju av lokalkjende fiskarar og låssettingsplassen var første gong registrert i 1995. Fiskeridirektoratet har ikkje nyare data om bruk av låssettingsplassen, men på

